

TILSYNSRAPPORT

Tilsyn med Hjelmeland kommune som
barnehagemyndighet

Innhold

1.	Tema for tilsynet: Kommunen som barnehagemyndighet	3
1.1	Kommunen sitt ansvar	3
1.2	Formålet med tilsynet	3
2.	Gjennomføring av tilsynet.....	4
3.	Kontrollområde for tilsynet.....	4
3.1	Kommunen som tilsynsmyndighet, barnehagelova § 16	4
3.2	Kommunen si oppfølging av krav til styrar, jf. barnehagelova § 17.....	7
3.3	Oppfølging av krav til pedagogisk bemanning, jf. barnehagelova § 18	7
3.4	Kommunen si oppfølging av rett om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder, jf. opplæringslova § 5-7.....	9
4.	Pålegg om retting	11
4.1	Tilsyn § 16.....	11
4.2	Barnehagens øvrige personale § 18	11
4.3	Om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder, jf. opplæringslova § 5-7.....	12
5.	Oppfølging av tilsynsresultata.....	12
6.	Høve til å klage	12

1. Tema for tilsynet: Kommunen som barnehagemyndighet

Det er gjennomført tilsyn med Hjelmeland kommune, med temaet kommunen som barnehagemyndighet, jf. barnehagelova § 8.

Tilsynet er delt i disse hovudemna:

- kommunen som tilsynsmyndighet, jf. barnehagelova § 16
- kommunen si oppfølging av krav til styrar, jf. barnehagelova § 17
- kommunen si oppfølging av krav til pedagogisk bemanning, jf. barnehagelova § 18
- kommunen si oppfølging av rett til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder, jf. opplæringslova § 5-7.

1.1 Kommunen sitt ansvar

Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk, jf. barnehagelova § 8 første ledd.

Enkelte av kommunen sine oppgåver er særskilt regulerte i barnehagelova kap. IV ”Barnehagemyndighetens generelle oppgaver”. Ansvarer inneber mellom anna tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16. Ansvar for å oppfylle krav i §§ 17 og 18 om styrar og pedagogisk bemanning følgjer indirekte av oppgåvene med tilsyn og godkjenning.

Kommunen har ansvar for at barn i førskolealder som har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp, får det, jf. opplæringslova § 5-7.

Kommunen vil vere adressat for eventuelle pålegg om retting i samsvar med barnehagelova § 9 andre ledd og opplæringslova § 14-1, tredje ledd, jf. kommunelova kap. 10 A.

1.2 Formålet med tilsynet

Formålet med tilsynet er å setje søkjelys på kommunen sitt overordna ansvar for å sikre oppfylling av krav i barnehagelova og opplæringslova, både internt i kommuneadministrasjonen og i kvar barnehage.

Gjennom denne kontrollen skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast. Pålegg om endring skal føre til at slike forhold blir retta opp.

Oppfylling av krava i lova når det gjeld oppgåvene til kommunen som barnehagemyndighet, er med på å sikre at barnehagane blir drivne i tråd med regelverket. Dette gjeld også lovkrav knytte til kvaliteten på barnehagetilbodet. Krava til pedagogisk bemanning er eit sentralt kvalitetskrav.

Dei overordna formåla med tilsynet i 2012 er å:

- Sikre at kommunen utfører si lovpålagde tilsynsoppgåve overfor både kommunale og private barnehagar.

- Sikre at kommunen handhevar barnehagelova sine krav til pedagogisk og forsvarleg bemanning overfor kommunale og private barnehagar.
- Sikre at kommunen har eit system som gjer at barn i førskolealder som har rett til spesialpedagogisk hjelp, får den hjelpa dei har krav på.

Vi presiserer at tilsynsrapporten ikkje gir ei fullstendig vurdering av kommunen som barnehagemyndigheit. Rapporten omhandlar berre resultat frå tilsynet som er gjennomført, og gjeld berre dei reglane som tilsynet omfattar.

2. Gjennomføring av tilsynet

Etter barnehagelova § 9 andre ledd har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med at kommunen utfører dei oppgåver den er pålagt som barnehagemyndigheit, jf barnehagelova, og tilsvarande heimel i opplæringslova § 14-1 for pliktene etter opplæringslova.

Fylkesmannen har rett til innsyn i dokument og tilgang til barnehagelokale i den utstrekning det er nødvendig for å ivareta Fylkesmannen si oppgåve.

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon, og gjennom intervju med personar i ansvarskjeda.

Gangen i tilsynet

- Brev med varsel om Fylkesmannen sitt tilsyn i 2012, datert 08.03.2012.
- Telefonkontakt med rådmann. Vi fekk ein kontaktperson frå kommunen til den vidare planlegginga av tilsynet.
- Melding om tilsyn, med krav om å sende inn dokumentasjon, datert 11.06.2012.
- Mottak av dokumentasjon 01.09.2012.
- Opningsmøte 12.09.2012.
- Intervju 26. og 27.09.2012.
- Varsel om vedtak og førebels rapport datert 23.10.2012.
- Sluttmøte 25.10.2012.
- Frist for tilbakemelding på varsel om vedtak og førebels rapport 16.11.2012
- Fråsegn vedrørende førebels tilsynsrapport mottatt 13.11.2012
- Endeleg tilsynsrapport 23.11.2012

3. Kontrollområde for tilsynet

3.1 Kommunen som tilsynsmyndigheit, barnehagelova § 16

§ 16 Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov. Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av

virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering. Vedtak om retting og stenging kan påklages til fylkesmannen.

Rettslege krav

Sjå vedlegg for ei konkretisering av dei rettslege krava.

Dokumentasjon og vurdering

Hjelmeland kommune har utarbeidd interne notat ”Plan for tilsyn med barnehagane 2008-2009” og ”Plan for tilsyn av barnehagane i Hjelmeland kommune 2011”. Notatet frå 2011 omtalar satsingsområda i kommunen og i to barnehagar, kva tilsynet skal gi svar på og eit særleg tema frå rammeplanen. Notatet inneheld også tidsramme og deltakarar i tilsynet for dei to barnehagane.

Hjelmeland kommune har i 2008-2009 gjennomført tilsyn med fleire barnehagar i kommunen, og i 2011 har det vore tilsyn med 2 barnehagar. Målet for begge tilsyna har vore å fremje tryggleik, kreativitet og fagleg inspirasjon samt å gi kommunen oversikt over arbeidet i barnehagane.

Barnehagane har fått munnleg varsling om tilsynet før gjennomføringa. Intervju blei gjennomførte og rapportar blei utarbeidde i etterkant. Det blei gitt både avvik og merknader i tilsynsrapportane. Styrarane har gitt skriftleg tilbakemelding om retting av avvik. I dokumentasjon og intervju under tilsynet kjem det ikkje fram om det frå kommunen si side har vore oppfølging etter barnehagane si tilbakemelding.

Kommunesjefen har eitt månadleg møte med styrarane der aktuelle saker blir drøfta, bl. anna bemanningsnorm og tilsyn i barnehagane. I tillegg har kommunesjefen leiarmøte med rektorane.

”Plan for tilsyn med barnehagane i Hjelmeland kommune 2011” er eit internt notat som ikkje viser dei ulike fasane i eit tilsyn og korleis dei skal gjennomførast. Notatet omtalar ikkje korleis tilsynsmyndigheita konkret skal sikre tilstrekkeleg dokumentasjon til å konkludere om drifta er forsvarleg. Notatet tek berre opp forhold knytte til stadleg tilsyn med dei to barnehagane. Dokumentasjon viser at det ikkje er samanheng mellom dei prioriteringane som er gjorde i notatet om tilsynet og i rapporten frå tilsynet. Notatet varslar mellom anna særleg gjennomgang av emna språkstimulering og språkmiljø. I rapporten er det vist til desse emna, men kommunen har ikkje gjort vurderingar av om barnehagen sitt arbeid er i tråd med krav i lov og rammeplan

Barnehagelova legg til grunn at kommunen skal ha ein plan for tilsyn som inneheld kor ofte det skal førast tilsyn, kva det skal førast tilsyn med og rutinar for samarbeid om tilsyn etter anna regelverk, jf. rettleiaren *Tilsyn med barnehager* frå Kunnskapsdepartementet. Fylkesmannen kan ikkje sjå at Hjelmeland kommune har plan for tilsyn slik lova krev det. Kommunen har ikkje utarbeidd ein overordna tilsynsplan i tråd med krava i § 16 i barnehagelova, og Fylkesmannen ser heller ikkje at det er utarbeidd plan for vidare tilsyn. Fylkesmannen oppfattar notatet datert 20.12.2011 som eit varsel om eit enkeltstående tilsyn. Tilsynet er gjennomført 21.12.2011.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at tilsynsmyndigheita har gått igjennom vilkåra som blei stilte ved godkjenninga av barnehagen og ved tidlegare tilsyn, jf. tilsyn 2008-09.

Tilsyn med barnehagane skal etter lova gjennomførast av kommunen som barnehagemyndigheit. Lova føreset vidare at tilsyn blir gjennomført av personar som har barnehagefagleg kompetanse. Hjelmeland kommune har ikkje tilsette med formell barnehagefagleg kompetanse på kommunalt nivå. Dokumentasjon viser at tilsynet vart leia av kommunesjefen, og at styrar frå ein annan barnehage var med. Det kjem fram av brev frå kommunen 13.11.2012 at deltakande styrar og kommunesjef har gjennomgått ”Veileder til tilsyn” i førebuingssfasen. I intervju kjem det fram at dei styrarane som har delteke som barnehagemyndigheit i tilsyna, ikkje har fått opplæring i tilsynsoppgåver. Det kjem ikkje fram av dokumentasjonen korleis kommunesjef og styrar fordeler ansvar seg i mellom, og kven som har myndigheit til å ta avgjersle.

Barnehagane oppgir å ha hatt tilsyn frå andre etatar, mellom anna frå kommunelegen i forhold til miljøretta helsevern. Rapport frå det kommunale tilsynet i Jøsenfjorden barnehage viser at kommunen har ført tilsyn med at krava i forskriftene er overhaldne, jf. kommunehelsetjenestelova §§ 4a-7 til 4a-10. Barnehagen har etter kommunalt barnehagetilsyn fått pålegg om retting etter dette lovverket. Det står vidare i rapporten at barnehagen manglar dispensasjon i stilling som pedagogisk leiar, og tilsynet gir barnehagen ein merknad om at dette må gjerast skriftleg. Fylkesmannen vurderer dette som eit klart lovbrøt og meiner at kommunen skulle ha gitt eit pålegg. Fylkesmannen vurderer vidare rapporten som ufullstendig, då han inneheld få vurderingar frå kommunen i forhold til dei emna som var nemnde i tilsynsvarelet. Varselet opplyser at tilsynet skal ha fokus på rammeplanen, men Fylkesmannen kan ikkje sjå at slike vurderingar er gjorde ut frå rapporten. Rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova, og set krav til kva årsplanen skal innehalde. Kommunen sitt tilsyn gir ikkje vurderingar av innhaldet i årsplanen.

Tilsyn er ikkje berre tilsynsbesøk og kartlegging, men omfattar alle aktivitetar barnehagemyndigheita utfører for å sikre at barnehagane driv i samsvar med lov og forskrifter. I intervju kjem det fram at Hjelmeland kommune si organisering skaper avstand og frustrasjon mellom styrar og kommunen si leiing. Barnehage og skole i Hjelmeland kommune er organiserte i oppvekstsenter, der rektor er barnehagen sin øvste leiar og styrar sin næraste overordna. Det er lite kontakt mellom kommunen som barnehagemyndigheit og verksemdene. I intervju og dokumentasjon kjem det fram at kommunen som barnehagemyndigheit ikkje har rutinar for faste rapporteringar frå barnehagane.

Kontakten mellom kommunesjefen og styrarane skjer ved eit månadleg barnehagefagleg forum og elles ved uformell kontakt. Kommunesjefen arrangerer leiarmøte med rektorane, der deltek ikkje styrarane. I intervju kjem det fram at ansvaret for barnehagefagleg forum ikkje lenger ligg hos administrasjonen. Ansvaret har blitt flytta til styrarane, som no sender innkalling til og referat frå møta. Styrarane seier i intervju at dei har god og jamn kontakt med rektorane.

Tilsynsansvaret inneber at kommunen gjennom rettleiing og pålegg skal sjå til at verksemdar som er omfatta av barnehagelova, blir drivne etter barnehagelova sine reglar og elles er forsvarlege. Mangelfull barnehagefagleg kompetanse på kommunalt nivå og val av organisering kan medverke til at kommunen ikkje fullt ut er i stand til å utføre sine tilsynsoppgåver som barnehagemyndigheit.

Fylkesmannen sin konklusjon

Hjelmeland kommune sitt tilsyn med barnehagane er ikkje i samsvar med krava i barnehagelova § 16.

3.2 Kommunen si oppfølging av krav til styrar, jf. barnehagelova § 17

§ 17 Styrer

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse.

Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer eller annen høgscoleutdanning som gir barnefaglig og pedagogisk kompetanse.

Kommunen kan innvilge dispensasjon fra utdanningskravet etter andre ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Departementet gir nærmere forskrifter om dispensasjon fra utdanningskravet og om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner fra utlandet.

Rettslege krav

Sjå vedlegg for ei konkretisering av dei rettslege krava.

Dokumentasjon og vurdering

Hjelmeland kommune har valt å organisere skole og barnehage i ei felles verksemd som dei kallar oppvekstsenter. Rektor på skulen er næraste overordna til styrar. Hjelmeland kommune har styrarstillingar i alle barnehagane, og styrarane har utdanning som førskolelærer. I intervju med kommunesjefen kjem det fram at dei følgjer *Særavtalen* mellom KS og kommunane, som seier at det skal vere ei heil styrarstilling der det er 42 barn eller meir i barnehagane.

I barnehagelova er det krav om at kvar barnehage skal ha ein styrar. I merknader til lova står det at det kan tenkjast unnatak der det kan vere behov for at fleire barnehagar samlar styrarressursen. Slik har Hjelmeland kommune organisert Jøsneset barnehage og Jøsenfjord barnehage, som er barnehagar med ei avdeling kvar med 8 og 12 barn. Her har styraren 40 % stilling i kvar barnehage. Reisetid er lagt inn i arbeidstida. Lova seier at ei samordning ikkje skal svekkje styrarressursen, og at det skal vere hensiktsmessig avstand mellom barnehagane. Lova seier vidare at styrar skal ha dagleg kontakt med barnehagane. Så langt Fylkesmannen kan sjå, er samordninga av styrarressursen ikkje i strid med lova så lenge kommunen sikrar at styrar kan ivareta dei daglege oppgåvene.

Felles organisering av skole og barnehage som ei mindre verksemd kan være ei løysning i område der barnehagebarn og skolebarn til saman utgjør berre nokre få titals barn. Hjelmeland kommune si organisering av skolar og barnehagar i oppvekstsenter, kan etter Fylkesmannen si vurdering likevel skape tvil om ansvarstilhøva og skape tvil om kven som er den eigentlege daglege leiar.

Fylkesmannen sin konklusjon

Hjelmeland kommune si oppfølging av krava til styrar i barnehagelova § 17 er ikkje i strid med lova.

3.3 Oppfølging av krav til pedagogisk bemanning, jf. barnehagelova § 18

§ 18 Barnehagens øvrige personale

Pedagogiske ledere må ha utdanning som førskolelærer.

Likeverdig med førskolelærerutdanning er annen treårig pedagogisk utdanning på høgskolenivå med videreutdanning i barnehagepedagogikk.

Kommunen kan gi dispensasjon fra utdanningskravet i første ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Departementet gir forskrifter om dispensasjon, om godkjenning av utenlandske utdanninger og om unntak fra utdanningskravet for personale som arbeider i barnehagen på nattid.

Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.

Departementet gir utfyllende forskrifter om pedagogisk bemanning.

Rettslege krav

Sjå vedlegg for ei konkretisering av dei rettslege krava.

Dokumentasjon og vurdering

Hjelmeland kommune har levert eit internt notat for behandling av dispensasjonar frå utdanningskravet for pedagogiske leiarar, og fem vedtak om dispensasjon frå utdanningskrava er mottatt.

Intervju viser at kommunen i alle ledd har ei korrekt forståing av omgrepet ”pedagognorm”. Norma er likevel ikkje innfridd i alle barnehagane. Regelen om pedagogisk bemanning gir ikkje høve til praksis med utgangspunkt i ein berekna prosentdel av pedagogstilling per barn, jf. ”*Veileder om kravene til pedagogisk bemanning i barnehageloven med forskrifter*”. Det kjem fram av dokumentasjon og intervju at fleire styrarar har innvilga reduserte stillingar til pedagogiske leiarar utan at det er søkt om dispensasjon frå utdanningskravet for den delen av stillinga som ikkje er fylt opp. Ein barnehage har eksempelvis to avdelingar med pedagogiske leiarar i 80 % stilling, her er det ikkje er søkt om og innvilga dispensasjon frå utdanningskravet i 20 %-delen.

Kommunen har utarbeidd ”*Prosedyre for å tilsette styrar og pedagogisk leiar i Hjelmeland kommune*”. Vidare har kommunen utarbeidd eit internt notat med prosedyre for dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar (23.04.2010).

Dokumentasjonen viser at rektor/styrar fattar vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogiske leiarar. Det ligg ikkje føre skriftlege søknader om dispensasjonar eller skriftlege vurderingar av søkjarane frå styrar. Det er heller ikkje krav om dette i kommunen sine prosedyrar. Intervju viser at vurderingar frå styrar blir gjort, men dei er ikkje skriftlege. I behandlinga av søknad om dispensasjon skal kommunen vurdere dei reelle kvalifikasjonane til den det er søkt om dispensasjon for. Fylkesmannen har mottatt kopi av 6 vedtak om dispensasjon. Alle vedtaka er like, og dei har ingen skriftlege vurderingar av søkjarane sine kvalifikasjonar.

I notatet av 23.04.2010 har rådmannen delegert ansvaret for å fatte enkeltvedtak om dispensasjon frå krava om førskolelærerutdanning til rektor. Barnehagelova legg til grunn at søknad om dispensasjon vert sendt frå barnehageeigar til kommunen som barnehagemyndigheit, jf. *Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder*.

Fylkesmannen vurderer det slik at når styrar/rektor som barnehageeigar søker om dispensasjon, må kommunen som barnehagemyndigheit behandle søknaden. Desse rollene kan ikkje utøvast av same person. Når styrar og rektor har ansvar for både søknadsprosessen og vedtaket, meiner Fylkesmannen at dette er i strid med §§ 17 og 18, jf. § 8 i barnehagelova.

Vedtaka inneheld korrekt informasjon om høve til å klage, jf. forvaltningslova.

I tilsynet kom det fram at Hjelmeland kommune har ein tilsett som har fått varig dispensasjon frå utdanningskravet i 2004. Vedtaket gjaldt stilling som styrar i Vormedalen barnehage som no er lagd ned. Fylkesmannen gjer merksam på at grunnlaget for denne dispensasjonen ikkje lenger er til stades, jf. *Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon*, § 2 siste setning: ”Dispensasjonen som gis er knyttet til den personen det søkes dispensasjon for og til en konkret stilling i en konkret barnehage.”

Fylkesmannen sin konklusjon

Hjelmeland kommune si oppfølging av krava til pedagogisk bemanning er ikkje i tråd med barnehagelova § 18.

3.4 Kommunen si oppfølging av rett om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder, jf. opplæringslova § 5-7

§ 5-7 Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder

Barn under opplæringspliktig alder som har særleg behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett på slik hjelp. Hjelpa skal omfatte tilbod om foreldrerådgivning. Hjelpa kan knytast til barnehagar, skolar, sosiale og medisinske institusjonar og liknande, eller organiserast som eiga tiltak. Hjelpa kan også givast av den pedagogiske-psykologiske tenesta eller av ein annan sakkyndig instans.

For spesialpedagogisk hjelp gjeld § 5-4 andre og tredje ledd i lova. § 5-5 andre ledd i lova gjeld så langt det passar.

Rettslege krav

Sjå vedlegg for ei konkretisering av dei rettslege krava.

Dokumentasjon og vurdering

Hjelmeland kommune har felles PP-teneste med kommunane Strand, Forsand og Finnøy. Strand kommune har praktisk arbeidsgivaransvar og oppfølging. Kvar kommune har ein representant i styret for PPT Midt-Ryfylke.

Det er dei barnehagetilsette som tek kontakt med PPT ved behov, og PPT gir dei tilsette og foreldra rettleiing og oppfølging. PPT har utarbeidd rutinar for oppmelding og samarbeid. Dokumentasjonen viser at PPT utarbeider sakkunnige vurderingar og ivaretar foreldra sin rett til medverknad. Det kjem fram i intervju at dialogen mellom tilsette, foreldre og PPT er svært god, og dei er nøgde med samarbeidet. Det kjem fram av dokumentasjonen at kommunen legg til grunn dei sakkunnige vurderingane når dei skal fatte vedtak. Når kommunen har vedtatt dei økonomiske rammene for tilbodet, fattar rektor vedtak. Søknader til barn som får tilbod om spesialpedagogisk hjelp i annan kommune, vert behandla av kommunesjefen. Kommunen har ikkje utarbeidd felles rutinar for saker som skal behandlast etter kap. 5 i opplæringslova.

I tilsynet er det lagt fram sakkunnige vurderingar, vedtak om spesialpedagogisk hjelp frå kommunen, individuelle planar med ½ års rapportar og brev om reduksjon i foreldrebetaling.

I intervju kjem det fram at dei tilsette har god støtte og rettleiing frå PPT og at det i samarbeidet med PPT er gode rutinar når det gjeld organisering av tilboda til barn med spesialpedagogisk hjelp.

Etter Fylkesmannen si vurdering inneheld dei sakkunnige vurderingane som er lagde fram i tilsynet, dei punkta som lova krev. Utgreiingane er grundige, og vurderingane inneheld tydelege mål. Omfanget av den spesialpedagogiske hjelpa er oppgitt i timar, men vurderingane kunne vore klarare når det gjeld punktet organisering. Dei fleste vurderingane tilrår årstimar til oppfølging på avdeling, utan at dei tydeleg beskriv nødvendig kompetanse, f.eks. om hjelpa skal giast av pedagog, barne- og ungdomsarbeidar eller assistent.

I ei av dei sakkunnige vurderingane blir Hjelmeland kommune sine vanskar med å rekruttere fagkompetanse drøfta. Fylkesmannen meiner at ei sakkunnig vurdering ikkje skal innehalde slike drøftingar, men ha fokus på utgreiing, vurdering av kva som er barnet sitt behov og tilråding.

Hjelmeland kommune sine vedtak inneheld tidsperioden for hjelpa, omfanget av den spesialpedagogiske hjelpa og kompetansekrav for tilsette som skal gi spesialpedagogisk hjelp. Når det gjeld grunngjeving for vedtaka, viser kommunen til sakkunnig vurdering og individuell utviklingsplan. I praksis kan det vere tilstrekkeleg om det i enkeltvedtaket står at det som er tilrådd i den sakkunnige vurderinga, ligg til grunn for vedtaket når den sakkunnige vurderinga er tilstrekkeleg klar på alle punkt. Det skal ikkje vere tvil om kva for hjelp det enkelte barnet skal få.

I vedtaka er det gitt opplysningar om klageadgang, klagefrist, klageinstans og den nærmare framgangsmåten for klage, jf. fvl. § 27. Samla sett vurderer Fylkesmannen at Hjelmeland kommune sin forvaltning innanfor § 5-7 er ikkje i strid med regelverket.

I vedtaka refererer rektor til brev datert 22.01.99: ”..delegert rett til å gjera enkeltvedtak i saker som gjeld tildeling av ressurs til spesialpedagogisk tiltak innanfor ramma av tildelt timetalsressurs for kvar eining, jfr. Driftstyresak 005/98.” Fylkesmannen kan ikkje sjå at denne informasjonen er relevant i vedtaka. Fylkesmannen vil gjere merksam på at økonomiske forhold ikkje kan brukast som grunngjeving for å ikkje oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp.

Det går fram av regleverket at spesialpedagogisk hjelp skal vere gratis. Det skal fattast eige vedtak om reduksjon/fritak i foreldrebetalinga etter reglane i forvaltningslova. Av vedtaket må det gå fram kva som ligg til grunn for utrekninga, klageadgang, klagefrist og framgangsmåte ved klage, jf. fvl §§ 23, 24, 25 og 27. I vedtaket skal det også gå tydeleg fram kva periode vedtaket gjeld for.

Rektorane har i 2012 sendt ut brev til foreldre/føresette til barn som mottar spesialpedagogisk hjelp og informert om refusjon av for mykje innbetalt foreldrebetaling og reduksjon i framtidig foreldrebetaling. Brevane inneheld opplysningar om at dei er å rekne som enkeltvedtak, og det er gitt informasjon om klagefrist. Berre to av breva opplyser at klagefristen er på 3 veker. Dokumentasjonen Fylkesmannen har motteke viser at refusjon/reduksjon i nokre av breva er oppgjeve som eit prosenttal, i andre brev er ikkje

prosenttalet oppgjeve. Brevane manglar opplysningar om kva som ligg til grunn for utrekninga av refusjon og reduksjon i foreldrebetalinga og informasjon om nærare framgangsmåte ved klage. Vedtaka frå kommunen er derfor mangelfulle i forhold til krava i regelverket.

Fylkesmannen sin konklusjon

Hjelmeland kommune si forvaltning når det gjeld spesialpedagogisk hjelp er i samsvar med regelverket.

Hjelmeland kommune sine vedtak om reduksjon i foreldrebetalinga for barn som mottar spesialpedagogisk hjelp er ikkje i tråd med regelverket.

4. Pålegg om retting

Med heimel i barnehagelova § 9 andre ledd, opplæringslova § 14-1 og som følgje av det som framgår av kapitla 3.1, 3.3 og 3.4 i denne rapporten, gir Fylkesmannen følgjande pålegg:

4.1 Tilsyn § 16

Hjelmeland kommune må sørge for å føre tilsyn med barnehagane i samsvar med barnehagelova § 16.

Korreksjonspunkt:

- a. Kommunen må utarbeide plan for tilsyn med barnehagane.
- b. Planen må innehalde kva det skal først tilsyn med, kor ofte det skal først tilsyn og korleis tilsynet skal gjennomførast og følgjast opp. Rutinar for samarbeid om tilsyn etter anna regelverk bør inngå i planen.
- c. Det må kome fram av plan eller delegeringsreglement kven som har myndigheit til å føre tilsyn og gi pålegg om retting og eventuelt stenging.
- d. Kommunen må etablere rutinar for innhenting av informasjon og rapportar frå barnehagane som del av løpande tilsyn.

4.2 Barnehagens øvrige personale § 18

Hjelmeland kommune må følgje norma for pedagogisk bemanning jf. *Forskrift om pedagogisk bemanning* og behandle søknader om dispensasjon frå utdanningskravet i tråd med § 18 i lova jf. *Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder*.

Korreksjonspunkt:

- a. Kommunen må praktisere norm for pedagogisk bemanning i alle barnehagane i kommunen.
- b. Kommunen som barnehagemyndigheit må lage rutinar som sikrar at den gjennom søknad frå styrar/rektor får tilstrekkelege opplysningar til å vurdere dispensasjonar.
- c. Kommunen som barnehagemyndigheit må behandle og fatte grunngjevne vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet.

4.3 Om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder, jf. opplæringslova § 5-7

Hjelmeland kommune sine vedtak om reduksjon i foreldrebetaling for barn som mottar spesialpedagogisk hjelp er ikkje i tråd med regelverket.

Korreksjonspunkt:

- a. Kommunen må fatte enkeltvedtak om reduksjon i foreldrebetaling i eige vedtak, i samsvar med forvaltningslova sine krav.

5. Oppfølging av tilsynsresultata

Tiltak for å rette lovbrutt skal settes i verk med det same.

Hjelmeland kommune skal gi skriftleg erklæring om at lovbruttet er retta, og dokumentere at det er utarbeida tiltak som er i samsvar med pålegga.

Frist for innsending av ein slik erklæring er 01.04.2013.

6. Høve til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. Det er høve til å klage på vedtaket, Utdanningsdirektoratet er klageinstans. Ei eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland innan tre veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er kome fram til vedkommande part, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Sjå forvaltningslova § 32 om utforming av klage.

Stavanger 23.11.2012

Jorunn Helland
tilsynsleiar/rådgivar

Liv Svendal
seniorrådgivar